

# Velkommen til ope program på fylkesårsmøte Sogn og Fjordane Bondelag



Frå og med 2021 ligg det til rette for at Sogn og Fjordane Bondelag går i lag med Hordaland Bondelag og skipar Vestland Bondelag. Difor vert truleg årsmøtet 2020 det siste ordinære årsmøtet i Sogn og Fjordane Bondelag. Vi ynskjer difor å opne delar av årets møte. Vi invitera til ope program, kultur, middag og dans torsdag 5. mars frå klokka 14:30. Velkomen!

**5.mars 2020**

**Thon Hotel Jølster**

**SOGN OG FJORDANE  
BONDELAG**





## Program torsdag 5.mars

**Møteleiarar:** Bjarte Nordanger og Renate Rendedal

14:30	<b>Landbrukssamvirket si framtidige rolle i distriktsnorge</b>  <i>Innleiingar ved: Trine Hasvang Vaag, styreleiar i Nortura Cecilie Bjørlo, konsernstyremedlem i Tine Vegard Braate, direktør medlem i Felleskjøpet Agri Per Olav Skutle, styreleiar i Gartnerhallen</i>
16:00	<i>Pause med noko å bite i – teikning av spørsmål og innlegg til diskusjon kring landbrukssamvirket si rolle i distriktsnorge</i>
16:30	<b>Spørsmål og diskusjon – Landbrukssamvirket si rolle</b>
17:30	<i>Pausetid</i>
19:30	<i>Minikonsert med sogningane Ola Weel Skram og Sindre Steig</i>
20:00	<i>Middag</i>
22:00	Dans til levande musikk ved Steel & Tele



<b>Pris:</b>	
Dagsprogram, middag og underhaldning	400,-
Dagsprogram	100,-
Middag og underhaldning	300,-

**Påmelding innan måndag 24.februar. Påmelding til [hanne.lisbeth.nybo@bondleaget.no](mailto:hanne.lisbeth.nybo@bondleaget.no) eller tlf 906 44 395**





## Presentasjon av innleiarar

	<p><b>Trine Hasvang Vaag</b> Hasvang Vaag er styreleiar i Nortura, og driv med mjølk- og kjøttproduksjon. Hasvang Vaag har ei rekke verv bak seg, mellom anna som medlem i Miljø- og kvalitetsutvalget i Norges Bondelag, Styremedlem i Norges Bondelag, leiar i Snåsa Bondelag og i Nord-Trøndelag Bondelag.</p>
	<p><b>Cecilie Bjørlo</b> Bjørlo er konsernstyremedlem i Tine, og kjem frå Nordfjordeid der ho driv eit mjølkeproduksjonsbruk. Ho vart vald inn i konsernstyret i Tine i 2014.</p>
	<p><b>Vegard Braate</b> Vegard Braate har lang erfaring fra sal og marknadsføring. Han har mellom anna arbeidd som sals- og regionsdirektør i A-K maskiner AS og sjef for I-mek i Felleskjøpet Agri. No har han stillinga som direktør medlem i Felleskjøpet Agri.</p>
	<p><b>Per Olav Skutle</b> Skutle er styreleiar i Gartnerhallen. Han har sete i landsstyret i Gartnerhallen sidan 2014, og før det i regionstyret i Gartnerhallen sør. Lokalt har han også hatt tillitsverv i Lindesnes Bondelag og Agder Eggsentral. Han har også lang erfaring som lokalpolitikar for Venstre i heimkommunen Lindesnes. Han driv gartneri der det vert produsert agurk.</p>

## Kulturelle innslag

	<p><b>Ola Weel Skram</b> Sogndølen Ola er både musikar og journalist i NRK. I 2013 var han med i Idol, der han nådde heilt opp til finaleveka. I dag er han høgaktuell med nyinnspelinga av Sogn og Fjordane songen som vart gitt i julegåve frå NRK Sogn og Fjordane til sogningane og fjordingane.</p>
	<p><b>Sindre Steig</b> Unge, lovande Sindre Steig kjem frå Fortun. Han fekk sin første gitar som 10 åring og frå då av var lista lagt for at det var musikk han skulle drive med. Steig var elev ved Firda vgs, før han reiste til Oslo for å studere låtskriving og produksjon ved Westerdals institutt for scenekunst, musikk og studio. Best kjent er han frå deltakinga si i The Voice i 2019, der han imponerte alle dommarane og hadde Morten Harket som mentor.</p>
	<p><b>Steel &amp; Tele</b> Grappa består av Dan Mikal Ripe Frøystad og Even Nyland Solheim. Even er til vanleg maskinentreprenør og vokalist i country-bandet Fri Flyt frå Lavik. Dan er musikar på heiltid, og i tillegg til å drive lydstudio, spelar han steelgitar i Gunslingers. Steel &amp; Tele spelar lyttevenleg og dansebar countrymusikk bestående av ny og gamal amerikansk country, norsk og et par innslag av irsk og rock. Et par poplåtar og sviker finnas også på repertoaret.</p>